

Kontrollutvalet i Luster kommune

Til kommunestyret

Dato
05.05.2021

Fråsegn frå kontrollutvalet - årsrekneskap, konsolidert årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for 2020 Luster kommune

Kontrollutvalet har i møte 05.05.2021 handsama Luster kommune sin årsrekneskap for 2020.

Grunnlaget for handsaminga har vore Luster kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2020 og revisjonsmeldinga, datert 13. april 2021. I tillegg har revisor og rådmann supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon.

Kommunen har i 2020 eit positivt netto driftsresultat med MNOK 24. Netto driftsresultat i årsrekneskapen er MNOK 4,5 lågare enn i 2019, men likevel godt i lys av det spesielle året 2020 har vore grunna Covid-19, samt manglande gevinst på sal av konsesjonskraft. Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene utgjer 4,15 %, noko som er godt over teknisk beregningsutval si tilråding på 1,75 %. Netto driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen er MNOK 24,5.

Samla sett er drifta av tenesteeiningane rimeleg godt i samsvar med budsjettet. I høve regulert budsjett er det eit samla mindreforbruk på netto MNOK 6,8. Løns- og pensjonsoppgjeret, med vesentleg lågare kostnader er budsjettert, er den gjennomgåande faktoren som gir betre resultat enn budsjettert. Det er gjort greie for både positive og negative avvik i årsmeldinga.

Investeringsrekneskapen viser høg aktivitet. Samla investeringar i anleggsmiddel i 2020 er på MNOK 78,6, mot budsjettert MNOK 82. Den langsiktige gjelda er redusert frå MNOK 1 326 i 2019 til MNOK 1 299 i 2020 (av dette MNOK 754,8 i pensjonsplikter).

Investeringsrekneskapen og den konsoliderte investeringsrekneskapen er gjort opp med eit resultat på MNOK 13,8 framført til inndecking i eit seinare år.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter er 68,4 % i 2020. Dette er noko høgare enn i 2019 (66,4 %), men innafor måлтаlet i kommuneplanen/økonomiplanen på inntil 75 %.

Kontrollutvalet viser til ovannemnde og det som kjem fram i saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, samt revisjonsmeldinga.

Revisor har i revisjonsmeldinga ikkje gitt merknader til årsrekneskapen, den konsoliderte årsrekneskapen eller årsmeldinga.

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga og etter ei samla vurdering, tilrår difor kontrollutvalet at årsrekneskapen og årsmeldinga vert godkjent

slik dei ligg føre. Kontrollutvalet har ikkje merknader til rekneskapen eller den konsoliderte rekneskapen for Luster kommune for 2020.

Gaupne, 5. mai 2021

Anders Bolstad
Kontrollutvalsleiar

Kopi til:
Formannskapet